



Det var fort både sosialt, lærerikt og kjekt om bord i «Seladon».

Ei skute attende i tid

På måndag fekk fleire elevar frå barneskulen, og niande trinn på ungdomsskulen læra seg om sjøvit, segling og å ro.

Hausten har for fullt tatt kommunen med storm, og når elevane skal delast inn i kva stasjon dei skal vera på denne dagen, er det nettopp været som er med og avgjer. Dei som har regnkle, og vindtett og i tillegg er motiverte for å ta i eit tak, får vera med seglskuta "Seladon" på seglas.

– Har alle redningsvest? Spør Einar Matre, driftar av skuta "Seladon" medan han sjekkar elevane. Ingen manglar, og dagen kan byrja. For medan dei andre elevane vert igjen for å leita etter plast i naturen, eller for å ro ganske så store båtar, skal me ut på fjorden resten av dagen.

Tryggleik på sjøen

Einar ristar i bjølla på dekk. Elevane ser litt forfjamsa rundt seg, men får raskt fokus på kapteinen.

– Når eg ringer i denne må alle vera stille og samla seg midtskips, forklarar han. Elevane sit konsentrerte og høyrer etter. Det han no skal snakka om er særst viktig. Nemleg

tryggleik på sjøen. Han snakkar om livredningsutstyret om bord i båten, men òg på generelt grunnlag. Kva skal du gjera om for eksempel ein venn fell over bord. Kva redningsvestar passar best, og korleis vedlikehalda dei, er blant informasjon me får mykje kunnskap om.

– Finn du for eksempel ein særst nedkjølt person i sjøen, er det viktig at du ikkje berre heisar han opp og let han stå. Han må ligga, elles kan det gå verkeleg gale, opplyser Einar. Elevane verkar å fylgja nokså godt med, og får ei elles god innføring i knutar og tauverk, som kan vera nyttig å bruka om du skal dra opp nokon frå sjøen. Mykje av erfaringa dei får her, kan dei òg dra nytte av når dei dreg med fly, dersom det oppstår noko, men òg faktisk på fjellet – i alle fall når det kjem til nedkjøling.

Bruk ull

– No skal me attende til ei tid då tippoldeforeldra og oldeforeldra dykk levde, seier Einar. Når me er så vidt ute på fjorden, lukkar alle augo. Einar skurr av motoren og all vibrasjon i skroget forsvinn.

– Å, det var deilig, seier fleire i munnen på kvarandre. No er det berre vinden som skal dra oss vidare. Så kunnskapen om både fukk, klyver, storsegl og å vita forskjellen på babord og



Denne gjengen fekk øva på å ro, medan me segla.

styrbord må lærast raskt. Alle tek i eit tak og å stramma inn på segla vert nærast ein automatikk for fleire av ungdommane. Det bles godt, men med både ull og vindtett hette dregen langt over øyro, klarar i alle fall journalisten å halda varmen.

– Det er viktig at de nyttar ull i staden for til dømes fleece eller bomull, seier kapteinen. Både på grunn av varmetap, men og med tanke på naturen, skal me tru han. Einar fortel fleire historier om korleis slike plagg kan skada naturen.

– Eg har sumt i Barentshavet og ser du under den klare sjøen der, så ser du små plastpartiklar – som slett ikkje er plank-

ton. Det er typisk slikt som kan komma når han vert vaska. Den små plasten er vel så farleg, om ikkje farlegare, forklarar han.

Nøgd gjeng

– Me set kursen mot Kvalvågen, nordaust for staken der ute, seier Einar og får assistanse av dei andre til å styra skuta. På vegen dit ventar både lunsj og mange forteljingar, både kjekke og vonde – deriblant om kannibalisme på sjøen før i tida. Det vert ei fin stund der alle fylgjer med.

– Dersom eg skulle hatt med meg ein gjeng på lengre tur, ville eg vore med dykk. De er ein solid arbeidsgjeng, skryter Einar til elevane. Therese Mat-

hisen er glad for at ho fekk lov til å vera med om bord.

– Dette er jo for å seia det rett ut dritskøy, smiler ho. Haldor Drønen og Ruben Werner Pettersen er einige.

– Det er verkeleg stas å få læra om alt i frå knutar, til sjømannskap, seier dei. Einar Matre likar haldninga deira og håpar dei held fram med godviljen.

Spør alltid om du kan hjelpa, og ta i eit tak – då er du alltid garantert jobb, avsluttar Einar.



Denne gjengen sa raskt at dei var klare for å leggja ned ein imssats under turen på skuta.



Latteren låg laust hos Frida Fagerbakke, Therese Henriksen og Ida Dåvøy.



Einar Matre gav gode innføringar i korleis skuta skulle styrast.



Alle måtte hjelpa til om dei skulle vera med om bord.



Ei musikalsk reise

Medan nokre øvde på roing ute på fjorden, sat publikum klar til å ta i mot Didrik Solli-Tangen i Bekkjervik fredag. Det var nok ikkje plass til fleire i Løo, men dersom du ikkje var der, er det tid for å angra.

Tenk at eg som austevolling aldri har sett fot innanfor dørene til Løo! Det var like nytt for meg som det var for artisten sjølv, men eg finn meg godt til rette i ein stol med god utsikt over den vette scena framfor meg, her står det eit elektrisk piano, ein Laptop og ein mikrofon som snart skal gripast av Melodi grand prix-vinnaren frå 2010. Nokre kjenner han kanskje best frå Stjerneekamp hausten 2017.

Det er klart at publikum er ei munter og forventningsfull gruppe, då praten går høgt og fyller rommet. Det er vanskeleg å høyra kva dei kjekke menneske attmed meg seier, men me kjem fram til at me gler oss nett like mykje til konsert og god musikk.

Praten, som var blitt ganske høglytt på eit punkt, dør ut og vert erstatta med ein god applaus då Didrik Solli-Tangen og pianisten hans entrar scena. Han får straks god kontakt med publikum og vekkjer ein rungande latter gjennom rommet med berre nokre få ord og eit smil.

Eg må innrømme at eg måtte høyra nokre av songane hans før konserten, for å verta betre kjend med diskografien hans, men eg vert mållaus når eg får høyra kor mykje betre vokalar han har live enn på innspelingane. Eg set meg litt lenger fram på stolen.

Dette er ikkje ein kveld for allsong, dette er ei musikalsk forteljing. Songaren deler historia si og understrekar forteljingane med tilhøyrande låtar. Han tek publikum med på ei reise i tid med kjente singlar som til dømes *Feel* av Robbie Williams, *Gje meg handa di ven* og ikkje minst *My Heart is Yours* som han vann Melodi

Grand prix med i 2010. Eg kjenn på kroppen at han ikkje berre imponerer meg, men òg resten av publikum då song etter song vert avslutta med både applaus og jubel.

Solli-Tangen formidlar kjensler svært godt gjennom rein innleving og plettfriske vokalprestasjonar medan enkel, men effektiv lyssetjing med skiftande fargar forsterkar atmosfæren i rommet.

Han kjem fram til mikrofonen og fortel at han skal synge *Life on Mars*, yndlingslåta mi av David Bowie og eg let ut eit lite sukk og trur fleire høyrer. Dette er ein vanskeleg song å få til og eg sit stille med høge forventningar. Høgtalarane attmed meg leverer heldigvis kvalitetsmusikk! Didrik Solli-Tangen skuffar ikkje og han formidlar teksten på ein fantastisk måte, så eg set meg tilbake i stolen og nyter det.

Didrik Solli-Tangen og den fantastiske flinke pianisten er eit perfekt team. Dei leverer fleire gode låtar og avsluttar med ein imponerende og rørende Joik, heilt utan tekst, og publikum svarar med ståande applaus og vert lønna med eit ekstranummer før konserten tek slutt og artisten og pianisten går av scenen.

Eg har eit godt overblikk over tilskodrarane på veg ut døra og eg ser at folk går frå Løo med eit smil om munnen og takkar for ein fin konsert, det er kjekt å sjå at det ikkje berre var 19-åringen som var nøgd, men og resten av publikum, som for det meste bestod av folk frå 40 år og oppover, med unntak.

Ein skulle trudd kvelden for meg slutta her, men nei, eg var såpass heldig at eg fekk eit par ord med Didrik Solli-Tangen sjølv! Det var lett å prate med han, sjølv om han held på å rigga ned etter konserten. Det vart ein fin og personleg samtale med ein glad songar som var svært nøgd med eige show og ikkje minst eit fint og høflig publikum.